



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesutvalet**

Møtedato: 18.10.2018

Sak nr.: 18/345-24
Internt I.nr. 47390/18

Sak: 113/18

Tittel: **Skriv og meldingar fylkesutvalet 18. oktober 2018 - oppdatert 17.10.2018**

Behandling:

Dette gir følgjande endelig vedtak:

- 1: Vedtektsendring i Ferde AS
- 2: Eigarmelding 2018 og Lutelandet Utvikling AS
- 3a og b:Brev til Kommunal- og Moderniseringsdepartementet:
Innspel til nytt inntektssystem for fylkeskommunane frå 2020
- 4a: NVE: Nasjonal ramme for vindkraft på land - Lokale og regionale innspel
- 4b: NVE: Nasjonal ramme for vindkraft - utsatt frist for innspill
- 4c: Nasjonal ramme for vindkraft – uttale til NVE
- 5: SFE Nett AS: Varsel om oppstart av regional kraftsystemutgreiing
- 6a og b:Brev frå Førde kommune - Førdepakken - bomtakstar - nullutsleppskøyretøy
- 7: Brev frå Abelia - Lærere og elevers tilgang til digitale læremidler
- 8: Kirkens Bymisjon - oppmading om bidrag til TV-aksjonen 2018
Vedtak:
Fylkesutvalet løyver kr 100 000 til Kirkens Bymisjon, frå posten «fylkesutvalet til disposisjon».
- 9: Fylkeskommunen sin eigarskap i Firda Billag AS
Ikkje offentleg, Ofl § 23, 1. ledd
Vedtak:
Fylkesutvalet gir fylkesrådmannen klarsignal til å gjennomføre fase 1. Han skal deretter konsultere fylkesutvalet.
- 10: Samanslåinga av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar: Delprosjekt 12.4 «Innkjøpssamarbeid med eksterne partar» - orientering
- 11: Korrespondanse med Ningxia, Kina
- 12a og b:Raudt - Fråsegn mot manglende statsbudsjettmidlar til skredsikring

Vedtak:

Fylkesutvalet sender følgande fråsegn:

Treng ein heilskapleg plan for skredsikring!

Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd ein heilskapleg, nasjonal plan for skredsikring av riks og fylkesvegar med høg og middels skredfaktor. Denne planen må leggast fram ved første rullering av NTP med ei tidsramme for gjennomføring på 12 år.

Sidan oktober i fjor har det gått 2634 skred på veg ifølge vegkart.no. Heile 271 av skredhendingane førte til fullstendig vegstenging og i hundre tilfelle førte skred til vesentlege skader på vegen. At ikkje fleire enn tre personar vart skadde må i stor grad tilskrivast utstrekkt stenging av vear grunna rasfare.

Ser vi på dei siste 10 åra ligg årsgjennomsnittet på 2380 skred og 263 stengingar for all trafikk.

I nyhendebiletet framstår hendingane som meir eller mindre tilfeldige enkeltsaker, spreidd rundt omkring i det meste av landet. Merksemda er sterkt lokalt, ved store hendingar også nasjonalt, men det er lite fokus på å sjå dette i eit heilskapsperspektiv og det manglar konkrete mål for å løyse dei samla utfordringane med skred på vegnettet.

I framlegg til Statsbudsjett for 2019 vert det frå samferdsledepartementet foreslått å løyve 1093 mill. til skredsikring på riksvegar (post 31) og 777 mill. til skredsikring på fylkesvegar (post 62), til saman 1870 mill. kr. Det er 156 mill. meir enn i 2015-budsjettet og 472 mill. høgare enn i årets budsjett.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane er glade for auka løyingar til skredsikring, men vi vil påpeike at den etterfølgjer ein årleg nedgang sidan 2015.

Dei berekna totale kostnadane for skredsikringsprosjekt av registrerte punkt innan høg- og middels skredfaktor på riks- og fylkesvegnettet vert i Statens vegvesen sitt vegkart.no pr. 10 oktober i år rekna til om lag 51 milliardar kroner. Dette meiner vi viser at statsråd Jon Georg Dahle sin påstand til fagbladet «Veier24» om at «kravet til rassikring nærmest er umettelig» ikkje stemmer, men tvert om at kravet om rassikring av vegnettet er fullt ut realistisk.

- 13a: Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Origod AS
- 13b: Fusjonsplan Origod AS og Nærtenesten AS
- 13c: Revisoruttale for overtakende selskap
- 13d: Uttale tilsette Origod Nærtenesten, *sladda versjon jf. offl. §13 jf. fvl. §13 nr. 1*

- 14: Stad skipstunnel

Vedtak:

Fylkesutvalet sender følgande fråsegn:

Stad skipstunnel treng startløyving no.

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane registrerer at Stad skipstunnel ikkje ligg inne i Regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2019.

Stad skipstunnel er eit prosjekt som er godt gjennomarbeida og godt utgreidd. Forprosjektet til Kystverket (2017) tilrår bygging av Stad skipstunnel, og grunngjev dette med at dei ikkje-målbare gevinstane ved skipstunnel overstig dei kronesette kostnadene.

Eit samla næringsliv på kysten, Norges Fiskarlag, Kystrederiene, Hurtigbåtforbundet, Marine Harvest, Sunnmøre regionråd, Sogn og Fjordane Næringsråd, Vestlandsrådet og Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har prioritert Stad skipstunnel i sitt innspel til Nasjonal transportplan (2018 – 2029).

Sogn og Fjordane fylkeskommune krev at Stortinget legg inn 30 million kroner i statsbudsjettet for 2019 slik at arbeidet går vidare i tråd med nasjonal transportplan for kystverket.